

List of Signatures

Page 1/1

 **Protokoll_Styremøte 30. mai 2023_300523.pdf**

Name	Method	Signed at
Hovland, Jøril	BANKID	2023-09-07 15:19 GMT+02
Øvstetun, Ernst Ståle	BANKID	2023-09-04 12:43 GMT+02
Hønsi, Torunn Gauteplass	BANKID_MOBILE	2023-09-03 19:07 GMT+02
Larsen, Bjarne	BANKID_MOBILE	2023-09-02 16:35 GMT+02
Alvik, Dagny Karin Ugulsvik	BANKID_MOBILE	2023-09-02 11:42 GMT+02
Nævdal, Terje Bakke	BANKID_MOBILE	2023-09-26 00:41 GMT+02
Ovrid, Marianne	BANKID	2023-09-25 11:10 GMT+02
Lervik, Birgit Olaus	BANKID	2023-09-15 08:45 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 7856A992E4EB42F7B379DB6C898006D6

Styremøte 30. mai 2023

tir 30 mai 2023, 09:30 - 13:00

Festingdalen

Deltakere

Styremedlemmer

Torunn Hønsi, Jøril Hovland, Birgit Lervik, Ernst Ståle Øvstetun, Marianne Ovrud, Bjarne Larsen, Anne Sigrid Harjo, Aud Beheim, André Laberg, Terje Bakke Nævdal

Fraværende: Åge Skrede

Møteprotokoll

24/23

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent

Beslutning

Torunn Hønsi

25/23

Godkjenning av referat frå styremøtet 17.03.2023

Referat frå styremøtet den 17.03.23 vart godkjent og sendt til elektronisk signering

[Protokoll_Styremøte 17. mars 2023_170323.pdf](#)

Beslutning

Torunn Hønsi

26/23

Referatgjennomgang frå møtet i representantskapet

Sjå vedlagt møteprotokoll.

Revidert økonomi - og investeringsplan vart vedteken, men representantskapet ynskjer at det blir lagt ved eit notat som inneheld framtidige investeringsbehov, behov for auka låneramme og oversikt over plan for nedbetaling av lån. Sjå vedlagt notat

Leiar og nestleiar får i samarbeid med administrasjonen mandat til å utarbeide notatet før det blir sendt til Representantskapet. Dokumentet skal innehalde strategi og korleis vi skal prioritere for å halde oss innanfor låneramma, kva rammebetingelsar og krav som er sett til kommunane framover og kva verdiskaping arbeidet kan føre til.

Administrasjonen kallar inn representantskap, ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn til strategisamling for gjennomgang av kva forventningar og krav SIMAS har framfor seg, der ein i fellesskap kan sjå på prioriteringar og kva finansieringsbehov det gir.

[Vedlegg sak 26-23 Signert Møteprotokoll 21.04.23.pdf](#)

[Sak O 26-23 Notat til Representantskap.pdf](#)

[Vedlegg Investeringsbehov 2023-2029.pdf](#)

[vedlegg Låneopptak avdrag og rentekostnad.pdf](#)

Diskusjon

Dagny Alvik

27/23

Driftsorientering

Administrasjonen orienterte om drift og pågåande saker.

Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker

[Sak O 27.23 Driftsorientering.pdf](#)

Orientering

Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
7856A992E4EB42F7B379DB6C898006D6

28/23

Nytt utsleppsløyve

Statsforvaltaren i Vestland har oppdatert utsleppsløyve i tråd med ny mal og generelle krav til best tiggjengeleg tekniskar (BAT). Nokre av krava kan vere krevjande å oppnå, og kan ville medføre aukte kostnader.

Styret tok orientering om nytt utsleppsløyve til vitande

- [Sak O 28-23 Oppdatert utsleppsløyve.pdf](#)
- [Endra løyve etter forureiningslova - Simas IKS - Sogndal.pdf](#)
- [Løyve - forureiningslova - avfall - Simas IKS - 876028662 - Festingdalen - Sogndal.pdf](#)

Orientering

Anne Sigrid Harjo

29/23

Status i saka om Nyrstarslaget

Orientering om pågåande saker - tilbakemelding til Statsforvaltaren på varsel om pålegg og privatrettsleg oppfølging med krav om tilbakebetaling av deponiavgift og andre kostnader.

Styret tok informasjon om oppfølging av Nyrstarslaget til orientering og ber om at kravbrevet til Nyrstar blir prioritert og sendt snarast.

- [Sak D 29-23 Status i Nyrstarsaka.pdf](#)
- [Vedlegg til sak 29-23 Nyrstar - Krav om deponiavgift.pdf](#)
- [Vedlegg til sak 29-23 Rapportutkast 26 mai 2023.pdf](#)

Orientering

Dagny Alvik

30/23

Regnskap per april 2023

Rekneskapsrapporten pr. 30.04.2023 viser eit underrskot på kr 2.222.230,-. Dette er ca kr 297.000,- over budsjettert og ca kr 2.228.000,- under fjoråret.

Styret tok rekneskapsrapporten pr april til vitande

- [Rekneskapsrapport april 2023.pdf](#)

Orientering

Aud Beheim

31/23

Lønn/pensjon - førebuing/innspeil

Styret i SIMAS skal årleg gje innspel til dei lokale lønsforhandlingane i SIMAS. Dette vert gjort med utgangspunkt i resultatata frå dei sentrale forhandlingane som vert gjennomført mellom arbeidsgjevarorganisasjonen Samfunnsbedriftene og arbeidstakarorganisasjonane.

Forhandlingsutvalet får mandat til å gjennomføre lønsforhandlingane for dei i gruppe 1 med dei tillitsvalde i tråd med ramma som ligg til grunn etter dei sentrale forhandlingane. For gruppe 2 blir det gitt 5,2 % i ramme som dagleg leiar kan fordele på leiargruppa. Løn til direktør vert fastsett av styret etter at dei andre lønsforhandlingane er gjennomført.

- [Sak D 31-23 Lønn og pensjon førebuing og innspel.pdf](#)
- [Vedlegg Info om sentralt tariffoppgjør 2023 på Bedriftsavtalen.pdf](#)

Diskusjon

Dagny Alvik

32/23

Generalforsamling i Sirkla Ressurs AS

Det skal gjennomførast generalforsamling i Sirkla Ressurs AS den 20.06.23.

Styret tek informasjon om årsmelding og årsrekneskap for Sirkla Ressurs AS til vitande. SIMAS inviterer Sirkla til startegisamlinga i august. Vi vil bruke neste år til å utarbeide ein konsernstrategi. Styret i SIMAS ynskjer å få økonomi- og investeringsplan for Sirkla framlagt for godkjenning kvart år.

- [Sak D 32.23 Generalforsamling i SIRKLA Ressurs AS .pdf](#)
- [Vedlegg 1 Årsmelding 2022.pdf](#)
- [Vedlegg 2 Årsrekneskap 2022.pdf](#)
- [Vedlegg 3 Sirkla Ressurs AS notar 2022\[6358\].pdf](#)
- [Vedlegg 4 Revisjonsberetning.pdf](#)
- [Vedlegg 5 Innkalling generalforsamling i Sirkla Ressurs AS_juni2023.pdf](#)
- [Vedlegg 6 Valnemnda si innstilling til generalforsamling_Sirkla Ressurs.pdf](#)

Diskusjon



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
7856A992E4EB42F7B379DB6C898006D6

33/23

Endring i organisasjonsmodell

Diskusjon

Dagny Alvik

I samband med at vår controller på økonomi har sagt opp, vil vi nytte anledninga til å gjere nokre endringar av stillingar.

Det vi ser kan vere ei god løysing, er at den vakante stillinga blir erstatta med ei leiarstilling i administrasjonen. Denne stillinga vil då få ansvar for oppfølging av kundesenteret, sentralbordet, arkiv, informasjon. Det er også naturleg at ein administrasjonsleiar har ansvar for HR- oppgåver. Det kan vere at dette er eit område som også kan egne seg å samarbeide med SUM og NOMIL. Økonomileiar vil då kunne jobbe meir dedikert med reine økonomioppgåver, som også er eit ynskje frå vedkommande.

Styret gir administrasjonen løyve til å setje i gang tilsettingsprosess for å få tak i administrasjonsleiar.

[Sak D 33-23 Endring i organisasjonsmodell.pdf](#)

34/23

Årdal kommune inn i SIMAS

Diskusjon

Dagny Alvik

Informasjon om prosessen så langt. Drøfte korleis ein skal løyse drifting av miljøstasjon i Årdal samtidig som kommunen har ein bindande avtale med Sunde Resirk AS.

Styret gir administrasjonen løyve til å gå i dialog med Årdal kommune om å klare opp i avtalen med Sunde Resirk.

Kostnader utover normalkostnad med drift av miljøstasjonen må påleggjast abonnentar i Årdal.

[Vedlegg Avtale drift Sunde.pdf](#)

[Sak D 34-23 Årdal kommune inn i SIMAS.pdf](#)

35/23

Leigeavtale på Miljøstasjonane

Diskusjon

Dagny Alvik

SIMAS jobbar med å få på plass nye leigeavtalar på Miljøstasjonane med eigarkommunane. Det vart utarbeida ein avtale med Luster der ein brukte prinsippet for verdi/marknadsverdi multiplisert med sjølvkostrenta. Ein har det siste året jobba med å få verdivurdering av dei areala ein nyttar i dag for å få fram ny leigeprisar. Rapportane frå takstkontoret er enno ikkje ferdig, så saka vert utsett til neste styremøte.

Saka vert utsett til neste styremøte

36/23

Framlegg om endring av renovasjons- og slamforskrift på høyring

Beslutning

Dagny Alvik

Forslag til forskriftsendring vart vedteke i styremøte den 17. mars, og sendt vidare til Representantskap for gjennomgang. Dei vedtok å sende ut forskriftsendringa på høyring.

Styret vedtek utsending av høyringsbrev med framlegg om endring av renovasjon- og slamforskrift på høyring

[Sak V 36-23 Framlegg til endring av forskrift på høyring.pdf](#)

[Vedlegg sak 36-23 Høyringsbrev - revidering av forskrift.pdf](#)



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
7856A992E4EB42F7B379DB6C898006D6